

Kommentar til vurdering "Vil generere trafikk, og det kan oppstå støy. Vurderast til lav verdi, grunna avstand bustadområde";

Som bebuarar i Schriverhaugen (nedre del), tek me i mot store delar av trafikkstøyen på Frekhaug. Sjølv om ingen av planane er i umiddelbar nærleik til oss, fører økt trafikk/utbygging til mykje støy/støv. Dette forringer vår livskvalitet og våre born sine oppvekstvilkår. Ingen av bilane følj fartsgrensa,- og særleg lastebilar respekterer ikkje 50-sona i det heile. Me er klare over at vegen ikkje er kommunal, men sidan kommunen jo genererer inntekt på den store utbygginga i Meland er det på sin plass å spørre om kva tiltak som er tenkt for dei bebuarane som allereie bur langs ein stadig meir trafikkert veg?